

Konsert med Eero Voitk (cello) og Odd Johan Overøye (klaver)  
ROSEKYRKJA, SØNDAG 14. AUGUST KL. 19.30

Celloens uttrykksregister spenner frå sødme, lidenskap og elegi til det virtuost spøkefulle og aggressivt temperamentsfulle i den andre enden av skalaen. I denne sommarkvelden kan du lene deg tilbake og lytte til musikk for solo cello av meister J. S. Bach, romantiske perler som "Svanen" av Saint Saëns og "Vocalise" av Rachmaninov. Konserten vert og krydra med norske folketonar.



Eero  
Voitk



Odd Johan  
Overøye

Gjestande cellist er kanadiske Eero Voitk, p.t. landsdelsmusikar i Alta. Voitk er utdanna ved konservatoriet i Toronto og hos Frans Helmerson i Stockholm, Debutkonsert med The Toronto Symphony Orchestra i 1987. Av faste engasjement ved orkester i Norden kan nemnast Det Kongelige Teater i København (1994-98) og Malmö Symfoniorkester (1992-94). Voitk har også hatt solistoppgåver med fleire leiande orkester i Europa. Akkompagnatør er Odd J. Overøye, NTNU-tilsett pianist/komponist og gjengangar i Kyrkjehola.

### Føremål med programmet

- Kyrkjehola Kulturbeite har ambisjonar om å vere eit attraktivt utstillingsvindaug for eit breitt spekter av kreativ aktivitet. Det kulturelle tilbodet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan kunststartar som musikk, litteratur og biletkunst.
- Vi ønskjer å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i vårt eige distrikt.
- Vi ønskjer at dette kan medverke til ei positiv markering og synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

Førehandsbestilling av billetter på telefon 70 27 91 23, eller på e-postadresse [postmottak@stordal.kommune.no](mailto:postmottak@stordal.kommune.no)

### Kulturprogrammet er støtta av:



## STORDAL BYGDETUN

FORTIDSMINNEFORENINGA  
Foreningen til Norske Fortidsminnemerker Bevaring



Rosekyrkja frå 1789.



Prestestova er bygd ca. 1850.



Løsetstova kjem som namnet seier frå garden Løset i Røysetdalen. Dette er ei typisk sunnmørsstove, som vart bygd på 1790-talet.



Stabburet kjem frå garden Busengdal og er bygd ca. 1750

Desse to bygningane er eigd av Fortidsminneforeninga.

## KYRKJEHOLA KULTURBEITE STORDAL BYGDETUN



# Nova Bossa Nova

Brasiliansk musikk sett frå Noreg ved Tristan & Fellina

PRESTESTOVA, LAURDAG 25. JUNI KL. 17.00



Ingeborg  
Tornes

Bak duoen Tristan & Fellina står Kristian Skårbrevik (gitar) og Ingeborg Tornes (sang). Ingeborg Tornes har bakgrunn frå musikklinja i Molde og frå Toneheim. Ho syng ulike sjangrar som jazz, pop m.m. og har opptradd med m.a. Per Husby og musikarar frå D'sound. Kristian Skårbrevik starta på musikklinja i Ålesund, heldt fram på Berklee College of Music, Boston og studerer no ved Norges Musikkhøgskole.

Han arbeidde eitt år med musikk for sosialt vanskeligstilte unge i Fortaleza, Brasil. Kristian har vore produsent og/eller muskar på ei rekkje plateinnspelningar for m.a. Kilombo og Mats Eilertsen. Dei unge muskarane spelar mest eigenkomponert musikk med element frå brasiliansk musikk, jazz og akustisk popmusikk. I tillegg får vi høyre musikalske perler frå 60-talet. Duoen byr på vakker, melodios og sensuell musikk fargelagd med jazzens klangverd og rytmar frå Brasil.



Kristian  
Skårbrevik



KULTURBEITE

# Som Skrevet Står

Svein Tindberg les, fortel og leikar med tekstar frå Bibelen

ROSEKYRKJA, ONSDAG 29. JUNI KL. 19.30



Svein  
Tindberg

Svein Tindberg har med mellommenneskeleg innsikt tolka store og varierte rollar i klassisk og moderne dramatik sidan han debuterte som 13-åring på Det Norske Teatret. Som forteljar og som formidlar av tekstar frå Bibelen, har han gjennomført eit krevjande og nyskapande arbeid. Først kom maratonmonologen Evangeliet etter Markus (1995), ein av dei mest oppsiktsvekkjande teater-suksessane i 90-åra med meir enn 200 forestillingar. Apostelgjerningane (2000) blei ein like stor suksess.

Framføring av tekstar frå Bibelen og arbeidet rundt tekstane blir vidareført i "Som Skrevet Står" – spesielt laga for framføring i kyrkjerommet. Med litt "laus jakke" og glimt i augo tek Tindberg oss også med bak kulissane når han fortel om teatermannen si tilnærming til tekstane og "leikar" med våre vedtekne oppfattningar av dei. Vi inviterer til ein kveld med verdas beste tekstar, men og til mykje latter.

# Frå Golfstraumen

Ola Bremnes med band

ROSEKYRKJA, SØNDAG 17. JULI KL. 19.30



Ola Bremnes

Kven kan ha unngått å høyre "Mi pia. Din gutt", songen som plasserte seg på norskstoppen ein vårdag i 2004, og som i skrivande stund har vore der i 57 veker! 17. juli kjem opphavsmannen Ola Bremnes til Kyrkjehola med eit variert program. Han påstår å ha funne songane i Golfstraumen, derav tittelen på konserten som dels vil vere vigd diktarpresten Petter

Dass. Nyleg blei Ola tildelt Petter Dass-medaljen for å ha dryssa ut herr Petters poetiske pulver i mange år! Han byd også på eigne songar, mellom anna frå den siste CD'en, "Livstegn". Ola er dessutan mannen bak melodiar som "Folk i husan" og "Grågåsa", songar som for lengst har fått klassikarstatus. Det er ein folkeleg artist i ordets rette forstand som gjestar Kyrkjehola denne kvelden, godt assistert av Audun Skorgen (bass), Odd Johan Overøye (piano) og Terje Nohr Olsen (gitar).



KULTURBEITE

# I skuggen av Grieg

Konsert med Harald Bjørkøy (tenor) Gjest: Marianne Ravn Stavseng (sopran). Klaver: Odd Johan Overøye

ROSEKYRKJA, FREDAG 29. JULI KL. 19.30



Harald  
Bjørkøy

Harald Bjørkøy er professor ved Griegakademiet i Bergen og kjend for sin varme tenorklang og eit omfattande repertoar frå lieder til opera. Av mange internasjonale oppdrag nemner vi New York-debuten i Carnegie Hall, 1991. Han er tildelt fleire prisar for konsertar og CD-innspelningar; m.a. Grieg-prisen.



Marianne Ravn  
Stavseng

Kveldens konsert er dels vigd "dei norske gløymde" - komponistar som hamna i skuggen av Grieg. Dette er eit pionerprosjekt med offisiell premiere under Olavsfestdagene i Trondheim. Litt Grieg blir det på kjøpet... i selskap med Mozart og Puccini m fl. Marianne Ravn Stavseng er utdanna ved S. Cecilia-konservatoriet i Roma. Utover songpedagogstillinga ved Kulturskolen i Ålesund og Fagerlia, er ho ofte solist ved oratorie- og operaframføringar i vår eigen landsdel. Gled deg til å høyre henne frå La Boheme - i duett med Harald Bjørkøy!

# Vandrarane

Utstilling av litografiar av Eldar Parr

PRESTESTOVA, 29. JULI – 7. AUGUST

OPNING 29.07 KL. 18.00



Eldar  
Parr

Eldar Parr er født på Hellesylt og er busett i Oslo. Han hospiterte ved Statens Håndverks- og Kunstindustriskole i Oslo 1988-91 og gjekk seinare i privat lære hos bilethoggar og målar Oddmund Raudberget (1991-92). Han har arbeidd med treskurd, kunsthandverk og utsmykkingsarbeid og har no eige studio i Oslo. Her arbeider han med måleri og grafikk. Måleria er ofte i stort format.

Litografiane som vert stilte ut i Prestestova, representerer hovudtemaet i Parr sine verk sidan 1995: Gjentakning av former og repetisjon av figurar. Figurane hans utfører aldri nokon konkrete handlingar, dei er meir ein tilstand, men dei er alltid i rørsle mot eit eller anna.

*"Mange menneske, Like menneske, Menneske i rørsle, Menneske på vandring. Så lenge lengten er større enn frykta, er vi i rørsle. Nomaden i oss er utruleg sterk."*



KULTURBEITE

# Gull og himmelblått

Utstilling av måleri av Kjell Stig Amdam

LØSETSTOVA, 29. JULI TIL 7. AUGUST

OPNING 29.07 KL. 18.00

Kjell Stig Amdam er født i Trondheim og har vore busett på Selje sidan 1995. Han har arbeidd som biletkunstnar i ca. 25 år. Vestlandsnaturen med sitt mangfald og Storhavet som bryt rett utanfor ateliervindauga, er viktige inspirasjonskjelder til hans bilete. Likeeins har utsikten til Klosteret og legenda om Sta. Sunniva ført til fleire bilete av helgenen som er blitt ein del av "profileringa" til Kjell Stig. Elles kan ein finne element

i kunsten hans som kan sporast tilbake til Patmos, Kypros, Spania og Mallorca - der han har hatt fleire studiereiser. Et attkjenningstrekk hos Kjell Stig, er hans bruk av bladgull. Dette har han nytta sidan han for meir enn tjue år sidan såg korleis munkane brukte det i ikonmålinga. Kjell Stig er estetisk og opptatt av det vakre. Formidling av stemningar i harmonisk fargespel er hans styrke.



Kjell Stig  
Amdam

# Fjøyra som dreiv

Ingebjørg Røyrhus Øyehaug kåserer om Synnøve Riste (1858-89)

LØSETSTOVA, SØNDAG 7. AUGUST KL. 19.30



Ingebjørg Røyrhus  
Øyehaug

Gjennom mannen sin kom Synnøve Riste i kontakt med norskdomsrørsle som m.a. arbeidde for landsmålet, heving av bondens status og ein lausare union med Sverige. Det handla om å frigjere seg frå tvangstrøyer og stengsel, også som kvinne. Ristegarden vart ein møtestad for radikale ungdomar. I dette miljøet var ho ei drivande kraft. Saman med venen, studenten og radikalaren Rasmus

Steinsvik, fekk Synnøve og Per Riste i gong ein målskule og dei starta "Vestmannen", den første lokalavisa på landsmål.

Både Sunnmøre museum og Det Norske Teatret har laga vellykka utstillingar med bakgrunn i det faglege arbeidet til Ingebjørg Røyrhus Øyehaug. Som gjest i Kyrkjehola Kulturbeite vil Ingebjørg - med utgangspunkt i Synnøve Riste sitt liv - fortelje om den harde kulturkampen aktivitetane knytt til Ristegarden i Volda utløyste. Vi lovar ein interessant historiekveld til underholdning og ettertanke!



KULTURBEITE

# Meir enn "Berre ein hund"

Litteraturkveld der Ingar Sveen les Per Sivle

PRESTESTOVA, TORSDAG 11. AUGUST KL. 19.30

Sist haust var det hundre år sidan Per Sivle døydde. Kyrkjehola Kulturbeite meiner publikum fortener å få møte Per Sivle sin litteratur på nytt, og denne sommaren har vi fått Ingar Sveen, til dagleg lektor ved Fræna vidaregåande skule, til å lese utdrag frå Sivle sin litteratur på Sivle sin eigen dialekt. Sveen har vore særleg interessert i Per Sivle sitt liv og diktning sidan barneskuleåra, då forteljinga Berre ein hund gjorde eit uutsletteleg inntrykk.



Ingar  
Sveen

Sveen vil lese frå ulike sider av Sivle sin forfatterskap. I tillegg til Berre ein hund, som er eit sjølvsgatt val, vil han og lese fleire av dei fine og kjenslesterke dikta Sivle har skrivne. Og så skal vi naturlegvis også få more oss over nokre av dei beste Vossastubbane. Er du ikkje glad i Sivle frå før, blir du det bestemt etter denne kvelden!